



Alversund Utvikling AS  
Fagernes 4  
5043 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4545 - 14/19803

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
02.09.2014

## Referat frå møte vedkomande vidare framdrift for felt 6 - gbnr 134/471 Hilland

Det vart halde møte på rådhuset i Lindås kommune måndag 01.09.2014 vedkomande vidare framdrifta for felt 6.

På møtet deltok: Christian Fuglseth, advokat Erik Myking, Roger Sjømark, Byggprosjekt AS v/Roy Njåstad, Tor Hegle og Siril Sylta.

Før møtet vart det sendt inn ein førespurnad frå Byggprosjekt AS v/Roy Njåstad vedkomande arealrekneskap og mogeleg overskriding av tillatt utnyttingsgrad, med ønskje om avklaring på korleis Lindås kommune vil forholde seg til dette vidare.

### I forhold til vidare framdrift for utomhusplanen:

- Det ligg føre rammeløyve for utomhusplanen i vedtak datert 05.03.2013.
- Det må sendast inn komplett søknad for igangsetting av utomhusplanen. Søknaden må vera oppdatert ut i frå dei dispensasjonar som er gjeve/avslått i rammeløyve datert 05.03.2013, samt ut i frå dei tiltaka som allereie er utført i feltet. Avvik frå gjeldande plan skal skisserast i søknaden, og må evt. søkjast om dispensasjon for.
- Rekkefølgekrava i bebyggelsesplanen må stettast.
- Det må sendast inn oppdatert arealrekneskap for området. Dersom det vert registrert avvik frå reguleringsplanen må det gå fram av søknaden og søkjast dispensasjon for.
  - Når det gjeld tolking av bebyggelsesplanen vert det vist til det som går fram under avsnittet «Plangrunnlag» i rammeløyve datert 05.03.2013.

### Andre forhold:



Dersom det ved vidare utbygging av feltet (frå bustad 26 og vidare) vert planar om ei auke i antal bueiningar eller dispensasjonar som gjeld endring i arealføremål t.g. felles grøntområde til bustad, så er dette forhold som må gjerast som planendring.

Ved byggesak si synfaring i feltet måndag 01.09.2014 vart det registrert at anleggsgjerdet mellom rekkje 22-25 og mot området for bustadane på 30-34 delvis låg på bakken. Vi gjer merksam på at anleggsområdet må sikrast forsvarleg, slik at ein unngår fare for dei som oppheldt seg i dette området.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alversund Utvikling AS  
Tor Hegle

Fagernes 4

5043

BERGEN

**Mottakarar:**

Alversund Utvikling AS  
Advokat Erik Myking  
Byggprosjekt AS v/Roy Njåstad  
Roger Sjømark

Fagernes 4

5043

BERGEN